

# Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 01.06.2011  
Møtestad: Helse Vest RHF, Stavanger

**Styremøtet var ope for publikum og presse**

## Deltakarar frå styret

Oddvard Nilsen	Styreleiar
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Ohene Aboagye	Medlem
Tom Guldhav	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Gisle Handeland	Medlem
Torill Selsvold Nyborg	Medlem
Gro Skartveit	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Kjartan Longva	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem

## Forfall frå styret

## Deltakarar frå administrasjonen

Administrerande direktør Herlof Nilssen  
Fagdirektør Baard-Christian Schem  
Eigardirektør Ivar Eriksen  
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen  
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen  
Kommunikasjondirektør Bente Aae  
Torunn Nilsen referent

**Sakliste**

---

- B 054/11 Godkjenning av innkalling og dagsorden  
B 055/11 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 13.04.2011  
B 056/11 Administrerande direktør si orientering  
B 057/11 Rapport frå verksemda per april 2011  
B 058/11 Tildeling av interne lån til helseføretaka i 2011  
B 059/11 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 28. april 2011  
B 060/11 Tilleggsrapportering - Årleg melding 2010  
B 061/11 Psykisk helsevern for barn og unge - ventetidar og fristbrot  
B 062/11 Årsrapport for revisjonskomité og internrevisjon 2010  
O 063/11 Protokoll frå møte i revisjonskomiteen i Helse Vest RHF den 12.04.2011  
O 064/11 Kartlegging av sengekapasitet og driftsmønster i Helse Vest  
O 065/11 Årsoppsummering 2010 for Nasjonal IKT  
O 066/11 Rettleiing for styrearbeid  
067/11 Eventuelt

**B 054/11 Godkjenning av innkalling og dagsorden****Oppsummering:****Forfall:**

Det var ikkje meldt forfall til møtet

**2 nye punkt på AD si orientering:**

Styreleiar orienterte om at det var 2 nye punkt på AD si orientering:

Pkt 9 – Prosessen i Sogn og Fjordane

Pkt 10 – Prosessen i Sogn og Fjordane

**U. off – saksdokument:**

Styreleiar orienterte om at opplysningar i saksdokument til AD si orientering pkt 8 og 2 dokument til sak 060/11 B – Tilleggsrapportering årleg melding var u. off. jf. Offentleglova § 13, 1. ledd og Helsepersonellova § 21.

Sakene blei behandla i ope møte.

**Eventuelt:**

Aslaug Husa meldte inn spørsmål til styret om hjelpepleiarar-/helsefagarbeidarar i sjukehusa.

**Vedtak (samrøystes):**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

**B 055/11 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 13.04.2011**

## **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 13.04 2011.

## **O 056/11 Administrerande direktør si orientering**

### **1      Orientering om pasienthjelparen i Helse Vest**

Pasienthjelparen i Helse Vest, Liv Torunn Rundhovde, orienterte om arbeidet som pasienthjelpar i Helse Vest.

Lysark er utsendt til styret.

### **2      Revidert Nasjonalbudsjett 2011**

Administrasjonen viste til utsendte lysark.

### **3      4. stilling i nevrokirurgi knytt til Helse Stavanger**

Det går fram av føretaksprotokollane for Helse Bergen og Helse Stavanger av 7. mars 2008 at det faglege ansvaret for all nevrokirurgisk verksemeld i regionen er lagt til Helse Bergen. I tillegg skal det være eit nevrokirurgisk døgntilbod med vaktdekning 24 timer i døgnet alle dagar for akutt hjelpe ved Helse Stavanger/Stavanger universitetssjukehus. Når det gjeld legestillingar innan nevrokirurgi skal desse for framtida vere forankra organisatorisk og i styringslinja i Helse Bergen slik at alle nytilsettingar i stillingane blir organisatorisk knytt til Helse Bergen jf. pkt. 5

Det er i pkt. 8 i protokollen opna for at det innanfor Helse Bergen si stillingsramme kan bli oppretta ei fjerde stilling med tenesteplikt i Stavanger.

Helse Vest har på bakgrunn av felles søknad frå Helse Bergen og Helse Stavanger komme til at det kan tildelast ei ny stilling innan nevrokirurgi ved å tildele eit ekstra ID-nr til Helse Bergen. Ei fjerde stilling innan nevrokirurgi vil sikre ei betre vaktordning i Helse Stavanger.

### **4      Deltid**

Helse- og omsorgsdepartementet har i Føretaksmøte med Helse Vest RHF bedt om at helseføretaka i regionen i samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane reduserer delen deltid med minst 20 prosent i 2011.

Det er utvikla ein felles deltidkartlegging der alle dei faste medarbeidarane som ikkje er i full stilling skal svare på nokre få spørsmål. Denne kartlegginga skal ligge fast i Agresso, og det blir dermed ein dynamisk undersøking av deltid der medarbeidarane til ein kvart tid kan oppdatere sin eigen informasjon om deltid.

Føretaka kan arbeida aktivt saman med dei tilsette som ønskjer auka stilling på fleire måtar, for eksempel ved å tilby auka stillingsdel knytt til Ressurssenter, ved å bruke timebank, ved å tilby kombinerte stillingar og ved å tilby same type stilling på fleire einingar, men med samanstilt arbeidsplan med vidare. Det er fleire av tiltaka som inneber drøfting og avtale med tillitsvalde i kvart av helseføretaka. Helse Vest legg til grunn at det ikkje er eit enkelt tiltak som vil gje resultat, mein eit mangfold av tiltak. Reduksjon av deltid skal skje innafor dei økonomiske rammene som er til rådvelde for HF-a gjennom vedtatt budsjett.

Det vil i løpet av mai månad bli etablert felles nasjonale indikatorar for rapportering av deltid og prosessindikatorar for å følgja utviklinga. Dette skjer i samarbeid mellom dei fire regionale helseføretaka og HOD.

Lysark er utsendt til styret.

- 5 **Rapportering tilsyns- kontroll og klagesaker**  
Adminstrasjonen viste til utsendt notat.
- 6 **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 28.03.11 - 15.05.11**  
Adminstrasjonen viste til utsendt notat.
- 7 **Oversikt over aktuelle høyringar per 15. mai 2011**  
Adminstrasjonen viste til utsendt notat.
- 8 **Tal på gravide plassert på institusjon etter §6-2a i sosialtenestelova**  
Adminstrasjonen viste til utsendt notat. Notatet er u. off. Offentleglova § 13 12 1. ledd og Helsepersonellova §21  
  
Styret ønskte oppdaterte 2011-tal på gravide kvinner under LAR-behandling i helseregion Vest.
- 9 **Prosessene i Sogn og Fjordane**  
Med bakgrunn i vedtak frå føretaksmøtet 28. april blir det igangsett eit utviklingsprosjekt knytt til Nordfjord sjukehus.  
Justert framdriftsplan for arbeidet med mandat og organisering for utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus er som følgjer:  
  
Frist for innspeil til mandat og organisering er sett til onsdag 1. juni 2011.  
Utsending av utkast til prosjektdirektiv frå Helse Vest til kommunane og Helse Førde er onsdag 8. juni 2011.  
Frist for innspeil og kommentarar til prosjektdirektiv er sett til torsdag 16. juni.  
Mandat for prosjektet blir lagt på bordet til RHF-styret i styremøte 22. juni.  
Frist for tilbakemelding til HOD er 23. juni 2011.
- 10 **Prosessene i Hardanger**  
Med bakgrunn i vedtak frå føretaksmøtet 28. april blir det igangsett eit tilsvarende prosjekt som i Nordfjord, knytt til sjukehuset i Odda.  
Prosessen vil involvere Helse Fonna, kommunane og Helse Bergen  
Ut arbeidning av mandat et for arbeidet vil bli organisert på same måte som i Sogn og Fjordane. Forslag til mandat vil bli lagt fram for RHF-styret for styrebehandling hausten 2011.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tok meldingane til orientering.

## **B 057/11 Rapportering frå verksemda per april 2011**

### **Oppsummering:**

Ventetidsutviklinga slik den ser ut per utgongen av april 2011 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene i hovudsak har gått ned frå august 2010 til februar 2011, både for ventande og behandla, når ein ser på alle fagområde for RHF-et samla. I april har ventetida for ventande gått noko opp i samband med påskehelga. Den samla ventetida for behandla pasientar er kortare enn for eitt år sidan både innan psykisk helsevern for vaksne og innan BUP, og om lag på same nivå innan somatikken. For pasientar som framleis ventar er den gjennomsnittlege ventetida innan BUP noko høgare enn for eitt år sidan, innan psykisk helsevern for vaksne og innan somatikken er den gjennomsnittlege ventetida litt kortare enn for eitt år sidan. Innan alle fagområde er ventetidene framleis kortast for dei prioriterte

pasientane. Dette gjeld både for pasientar som er tatt til behandling og for pasientar som framleis ventar.

Den somatiske aktivitetsutviklinga viser ein vekst både i talet DRG-poeng, talet på sjukehusopphald (dag- og døgnopphald) og i poliklinisk aktivitet per utgongen av april 2011, samanlika med førre år. Innan psykisk helsevern for barn og unge ligg både døgnaktiviteten og aktivitetsnivået innan dagbehandling og poliklinikk lågare enn til same tid i 2010. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for vaksne ligg så langt høgare enn fjoråret innan dagbehandling og poliklinikk, medan aktiviteten målt i liggjedøgn er lågare enn i 2010.

Akkumulert resultat pr april er kr 33,7 mill betre enn budsjettet. Helse Stavanger og Helse Førde rapporterer om ei realisert omstilling på hhv 48 og 103% av plan. Helse Fonna etablerte si tiltakspakke i april og har realisert ein effekt på 22% av plan. Helse Fonna og Helse Førde melder ei prognose som er hhv. kr 10 og 25 mill dårlegare enn budsjett, medan dei andre føretaka rapporterer ei prognose som er lik budsjettet resultatkrev. Likviditeten forvollar seg mot slutten av året som følgje av betaling av KLP reguleringspremie. Samla sett ligg likevel driftskreditten godt innafor tildelt trekramme.

Samla sjukefråværsdagsverk ved utgangen av mars 2011 er redusert med om lag 2.800 sjukefråværsdagsverk samanliknad med same periode 2010. Brutto månadsverk for føretaksgruppa er 18 720 pr april, noko som er ein auke på 160 brutto månadsverk samanlikna med mars i år, og ein auke på 531 brutto månadsverk samanlikna med april i fjor.

Tiltrua til spesialisthelsetenesta er i april på 80 %, det same som for mars. Inntrykket av det regionale helseføretaket held seg relativt stabilt på 60 %, sjølv om det er ein tilbakegang frå 62 % i mars.

Med bakgrunn i vedtak frå føretaksmøte 28. april, ønskte styret å vidareføre tilsvarande finansiering i 2012 som i 2011 for Helse Førde HF. Vidare finansiering må vurderast i gjennom gjennomgangen av inntektsfordelingsmodellen. Styret la også vekt på at ventetidene innan barne- og ungdomspsykiatien i Helse Fonna (særleg på Stord), må ned. Styret ba administrasjonen sette i gang dei tiltaka som er nødvendige for å få ned ventetidene og få eit forsvarleg behandlingstilbod på Stord.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tok rapportering frå verksemda per 30. april 2011 til etterretning.

## **Fellesmøte med styret i Helse Vest RHF og styret i Helse Stavanger HF**

Fellesmøtet blei gjennomført med følgjande tema på agendaen:

1. Utfordringsbildet i Helse Stavanger HF i 2011 og 2012
2. Arealplanen i Helse Stavanger HF
3. SINTEF-rapporten – Kartlegging av sengekapasitet og driftsmønster

Lysark er utsendt til styret

## **B 058/11 Tildeling av interne lån til helseføretaka i 2011**

### **Oppsummering:**

Under sak 018/11 B Konsernbudsjett 2011 som blei behandla i møte den 03.02.2011 vart det mellom anna fatta vedtak om investeringsramma for føretaka i 2011. I same sak vart det og skissert ei løysing på fordeling av interne lån til Helse Stavanger, Helse Fonna, Helse Førde og Helse Vest IKT. Det vart ikkje fatta vedtak om fordeling av lån.

Det blei i ovannemnde sak føreslått å fordele totalt kr 164 mill i interne lån til investeringsføremål. Dette var litt høgare enn reserven som var lagt inn i RHF-et på kr 161,6 mill.

Endeleg resultatet for 2010 vart betre enn det som låg til grunn for dei vurderingane som blei gjort når samla lånebeløp på kr 164 mill vart fastsett. Administrerande direktør vil likevel tilrå at ein held fast på låneramma som blei skissert under sak 018/11 B.

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Det blir fordelt til saman kr 164 mill i interne investeringslån. Beløpet fordeler seg på følgjande helseføretak:

Helse Stavanger	kr 50 mill
Helse Fonna	kr 45 mill
Helse Førde	kr 60 mill
Helse Vest IKT	kr 9 mill
SUM	<u>kr 164 mill</u>

2. Låneavtalene skal ha ei tilbakebetalingstid på 20 år og renta blir satt med basis i gjennomsnittleg rentenivå på konsernkonto tillagt 0,4% margin.

## **B 059/11 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 28.april 2011**

### **Oppsummering:**

Torsdag 28. april 2011 blei det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale.

Følgjande saker blei behandla:

Sak 1 – Føretaksmøtet blir konstituert

Sak 2 – Dagsorden

Sak 3 – Spesialisthelsetenestetilbodet i Helse Førde HF og Helse Fonna HF

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tok protokollen frå føretaksmøtet til etterretning.

## **B 060/11 Tilleggsrapportering - Årleg melding 2010**

### **Oppsummering:**

Helse- og omsorgsdepartementet har i brev av 18.4.2011 bedt om tilleggsinformasjon til ein del styringskrav som det er rapportert på i Årleg melding for 2010. Helse Vest oversendte

informasjonen som var etterspurd til departementet i brev av 3.5.2011 og i e-post av 10.5.11.

Styret ønskte oppdaterte 2011-tal på born fødd av kvinner under LAR-behandling i helseregion Vest.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret i Helse Vest RHF tok oversendinga av tilleggsinformasjon til Årleg melding for 2010 til etterretning.

## **B 061/11 Psykisk helsevern for barn og unge - ventetidar og fristbrot**

### **Oppsummering:**

Styresaka gjer greie for status vedrørande ventetider og fristbrot innan psykisk helsevern for barn og unge 0-17 år for 1. tertial 2010 - 1. tertial 2011. All data er henta inn frå helsefagkuben og Norsk pasientregister.

Tre av helseføretaka har hatt ei positiv utvikling både når det gjeld tal på fristbrot, ventetid til behandling og vurderingsgarantien. Det er framleis store utfordringar i Helse Fonna.

Det har vore ein reduksjon i prosentdelen med fristbrot i alle dei fire helseføretaka. Helse Førde og Helse Stavanger har begge hatt ein kraftig reduksjon. Fristbrot er redusert frå 19 % 1. tertial 2010, til 11 % 1. tertial 2011, samla for Helse Vest.

Gjennomsnittleg ventetid for prioriterte pasientar i psykisk helsevern for barn og unge er redusert i tre av helseføretaka. Helse Bergen har den lågaste ventetida i regionen med 42 dagar for dei med prioritet, medan Helse Fonna har den lengste ventetida med 109 dagar for prioriterte pasientar.

Dekningsgraden var i 2009 3,9 %, samla for Helse Vest. Offisielle tal for 2010 ligg ikkje føre. Dei kjem i rapport frå SAMDATA i oktober 2011.

Det er grunn til framleis å følgje utviklinga nøyne, spesielt i Helse Fonna. Det må framleis vere eit stort fokus på rekruttering av nok behandlerar og på organisering av tenesta slik at ventetider blir redusert og fristbrot ikkje skjer.

Helse Vest RHF har i lag med helseføretaka hatt eit første møte om felles rekrutteringsprosjekt med sikte på å auke prosentdelen barne- og ungdomspsykiatrar i regionen.

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Styret tok til orientering at det har vore ei positiv utvikling i dei fleste helseføretaka når det gjeld ventetider og fristbrot for barn og unge innan psykisk helsevern.
2. Styret i Helse Vest er likevel ikkje nøgd med prosentdelen med fristbrot og lang ventetid til behandling i Helse Fonna. Arbeidet med å få ned prosentdelen med fristbrot og dei lange ventetidene må ha høg prioritet.
3. Helseføretaka må framleis ha fokus på å tilføre psykisk helsevern for barn og unge nødvendig behandlarkapasitet og kompetanse, og sikre ei effektiv utnytting av ressursane.
4. Styret vil få presentert utviklinga i ein ny styresak hausten 2011.

## **B 062/11 Årsrapport for revisjonskomité og internrevisjon 2010**

### **Oppsummering:**

Etter instruks skal komiteen og internrevisjonen framlegge ein slik rapport, og ein har her valt å gjere det i eit felles dokument. Det er styret i Helse Vest RHF som skal godkjenne rapporten.

Revisjonskomiteen behandla årsrapporten i sitt møte 12. april 2010 med følgjande einstemmige vedtak:

*"Revisjonskomiteen rår styret i Helse Vest til å godkjenne årsrapporten for revisjonskomiteen og internrevisjonen 2010."*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret i Helse Vest godkjende årsrapporten for revisjonskomiteen og internrevisjonen 2010.

## **O 063/11 Protokoll frå møte i revisjonskomiteen i Helse Vest RHF den 12.04.2011**

### **Oppsummering:**

Revisjonskomiteen i Helse Vest RHF hadde møte i Stavanger 12. april 2011. Protokoll frå møter i revisjonskomiteen skal leggjast fram for styret.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tok protokoll frå møte i revisjonskomiteen den 12.04.2011 til orientering.

## **O 064/11 Kartlegging av sengekapasitet og driftsmønster i Helse Vest**

### **Oppsummering:**

Rapporten viser forbruk av tenester pr 1000 innbyggjarar i føretaka sine opptaksområde. Den viser fordelinga på døgnopphald, dagopphald og polikliniske konsultasjonar. Fordelinga viser at det er potensiale for omlegging til meir dagbehandling.

Rapporten viser også forholdet mellom behovet for kapasitet basert på aktivitetsdata for 2008 og den faktiske fysiske kapasiteten i form av senger, dagplassar og polikliniske rom i 2010. Samla sett viser dette at kapasiteten på døgnplassar er rimeleg god, at det er overkapasitet på konsultasjonsrom i poliklinikkane og underkapasitet på dagplassar. Dette vil likevel variere med kva grad senger i pasienthotell blir medrekna, utbyttingsgrad på sengene og på dagplassar og poliklinikkrom. Det er klare skilnadar mellom føretaka.

Rapporten kan nyttast som underlag i plan- og utviklingsarbeidet i føretaka.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tok rapporten til orientering.

## O 065/11 Årsoppsummering 2010 for Nasjonal IKT

### **Oppsummering:**

Nasjonal IKT si årsoppsummering for 2010 er sendt til dei regionale helseføretaka til orientering.

Formålet med dokumentet er å gi oppdragsgivarar, samarbeidspartar og interessentar eit overblikk over arbeidet i regi av Nasjonal IKT.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tok Nasjonal IKT si oppsummering for 2010 til orientering.

## O 066/11 Rettleiing for styrearbeid

### **Oppsummering:**

Departementet har utarbeidd ein rettleiar for styrearbeid i regionale helseføretak. Rettleiaren blir lagt fram for styret til orientering.

Rettleiaren gir ein orientering om styrearbeid i regionale helseføretak og inneheld ei samanfatning av gjeldande rettsregler og styringskrav. Rettleiaren inneholder i tillegg omtale av styrearbeid av meir rettleiande karakter.

Det er i føretaksprotokollen for 2011 stilt krav om at Helse Vest RHF i saman med dei andre regionale helseføretaka, sørger for at det blir utarbeidd tilsvarande rettleiar for styrearbeid i helseføretaka. Dette arbeidet er sett i gang og vil venteleg vere ferdig i løpet av første halvår 2011.

Utkast til rettleiar for HF-styra bli lagt fram for styret i Helse Vest til behandling i styremøte i september.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tok sak til orientering.

## 067/11 Eventuelt

### **Spørsmål til styret om hjelpepleiarar-/helsefagarbeidarar i sjukehusa - Aslaug Husa**

*Talet på hjelpepleiarar/helsefagarbeidarar i sjukehusa er kraftig redusert i løpet av dei siste åra.*

*Spekter har opplyst at det i 2008 var 300 færre hjelpepleiarar/helsefagarbeidararstillingar i sjukehusa.*

*Utviklinga held fram.*

*Berre på Stavanger universitetssjukehus hadde vi i fjor ein reduksjon som omfatta 13 hjelpepleiarar (9 årsverk), grunna omgjering til sjukepleiarstillingar.*

*Det er ein holdning nedover i organisasjonane som får lov til å leve trass i ein overordna politikk som seier noko anna. Vi aner riktig nok ein endring i leiinga i nokre av HF-a, der forslag om omgjering av hjelpepleiarstillingar blir stoppa.*

*Etter mitt syn kunne ein kanskje tenke på å auke opp igjen stillingar for helsefagarbeidarar, dersom holdninga var fokus på oppgåvene som skal gjerast.*

*I Oppdragsdokumentet blir det stilt krav om satsing på helsefaglærlingar. Vidare blir det stilt krav i styringsdokumenta til HF-a om å unngå omgjering av stillingar og etablering av eigne lærlingar i HF-a.*

*Det blir meldt om at lærlingane blir møtt ei holdning om at det ikkje vil være behov for dei i sjukehus, og at det blir gjort for lite for å gi dei arbeid etter endt utdanning.*

*Vi veit ein del om det store behovet for helsepersonell i sjukehusa framover (stypesak 055/10 B), så mitt spørsmål er kva vi som styret kan gjere med dette?*

I helseføretaka sine Styringsdokument for 2011 pkt 6.4.2 er det stilt krav om at helseføretaka skal:

- *delta i arbeidet for å sikre rett og betre oppgåvedeling*
- *sikre at omgjering av stillingar i føretaket ikkje inneber at oppgåvene blir lagde til utdanningsgrupper med lengre utdanning. Dette kan berre skje basert på ei grundig vurdering og dersom administrerande direktør har godkjent det.*

RHF-stypesak 055/10 B Rekruttering og kompetanse i føretaksgruppa Helse Vest omhandlar og mellom anna dette temaet. Styresaka blei gjennomgått i direktørmøte i Helse Vest 7. juni 2010.

Omgjering av hjelpepleiar-/helsefagarbeidarstillingar blei og diskutert i direktørmøte 8. november 2010, og er sett på saklista til direktørmøte 6. juni.

I helseføretaka sine Styringsdokument for 2011 pkt 3.7 er det stilt krav om at helseføretaka skal sørge for at det blir etablert tilstrekkeleg mange eigne læreplassar innanfor helsefagutdanninga og ambulansefagarbeidarutdanninga.

Det same kravet var stilt i styringsdokumentet for 2010.

RHF-stypesak 055/10 B Rekruttering og kompetanse i føretaksgruppa Helse Vest omhandlar og mellom anna dette temaet. Styresaka blei gjennomgått i direktørmøte i Helse Vest 7. juni 2010.

Helseføretaka har rapportert status i arbeidet med å etablere eigne læreplassar innanfor helsefagutdanninga og ambulansefagutdanninga i Årleg melding 2010 og som svar på brev frå Helse Vest til føretaka, dagsett 13. april 2011.

I åra framover vil det vere eit aukande behov for helsefagarbeidarar i sjukehusa.

Styret ønskte ei stypesak til styremøtet i september, med status i HF-a i forhold til krava i styringsdokumenta om å unngå omgjering av stillingar og etablering av eigne lærlingar. Styresaka skal gjere greie for kva tiltak som blir iverksett i HF-a for å sikre nok helsefagarbeidarar og ambulansefagarbeidarar og for å levere i samsvar med krava i Styringsdokumentet.

## **Skriv og meldingar**

### **Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:**

- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Stavanger Universitetssjukehus, Helse Stavanger HF, dagsett 040511 - Oppfølging av tilsyn med handtering av selvmordstruende pasienter
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland, dagsett 080411 – Varsel om tilsyn ved Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus

- Brev fra Helse Vest RHF til HLF Hordaland, dagsett 280411 - Ventetider for tilpassing av høreapparat i Helse Bergen
- Brev fra HLF Hordaland til Helse Vest RHF, dagsett 120311 – Ventetid for tilpassing av høreapparat på Haugesund sjukehus
- Brev fra HLF Hordaland til Helse Vest RHF, dagsett 120311 – Ventetid for tilpassing av høreapparat på Haukeland Universitetssykehus
- Kopi av brev fra HOD til Bengt Georèn, dagsett 180411 – En ny sykehusmodell – forslag om forsøksvirksomhet
- Brev fra HOD til Helse Vest RHF, dagsett 120511 – Utviklingsprosjekt for Nordfjord sjukehus
- Kopi av brev fra Årdal kommune til Helse Førde HF, dagsett 050511 –Stengning av fødetilbodet ved Lærdal sjukehus sommaren 2011
- Brev fra Vågsøy kommune til Helse Vest RHF, dagsett 120511 –Angående svar på spørsmål og problemstillingar i samband med regjeringa sitt vedtak om Nordfjord sjukehus
- Kopi av brev fra Helse Førde til Vågsøy kommune, dagsett 260411 –Svar til Vågsøy kommune på deira spørsmål i samband med regjeringa sitt vedtak om Nordfjord sjukehus
- Brev fra Vågsøy kommune til Helse Vest RHF, dagsett 140411 –Vågsøy kommune ønskjer svar på følgjande problemstillingar i samband med regjeringa sitt vedtak om Nordfjord sjukehus
- Kopi av brev frå Nordfjordrådet til HOD, dagsett 020511 –Vedkommande nedlegging av fødeavdeling og ortopedi ved Nordfjord sjukehus
- Brev fra Eid kommune til Helse Vest RHF, dagsett 280411 – Medisinsk akuttberedskap ved Nordfjord sjukehus - krav frå Eid kommune om anestesiberedskap i den vidare drifta av medisinsk avdeling
- Kopi av brev frå Selje kommune til Sivilombudsmannen, dagsett 120411 –Bevaring av Nordfjord sjukehus – tilslutning til klage til sivilombodsmannen
- Brev frå Odda kommune til Helse Vest RHF, dagsett 040511 –
  - OK-sak nr. 040/11 – Odda sjukehus – rapport fra arbeidsgruppe
- Brev frå Stord kommune til Helse Vest RHF, dagsett 120411 -Framtidig struktur for helseforetak
- Brev frå Riksrevisjonen til Helse Vest RHF, dagsett 150411 – Undersøkelse av lederlønnsutviklingen i helseforetakene Uts.Off.
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland, dagsett 260411 – Oversendelse av sak for vurdering av administrative reaksjoner Klage på behandling fra hudlege Herbert Friedrich Hohlbrugger Pasient U.Off.
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland, dagsett 270411 – Avslutning av tilsynssak: Klage på hudlege Herbert Friedrich Hohlbrugger – Pliktbrot U.Off.

---

Oddvard Nilsen  
Styreleiar

---

Ohene Aboagye

---

Gerd Dvergsdal

---

Torill Selsvold Nyborg

---

Lise Karin Strømme

---

Reidun Nyborg Johansen

---

Kjartan Longva

---

Aud Berit Alsaker Haynes  
Nestleiar

---

Gunnar Berge

---

Gisle Handeland

---

Gro Skartveit

---

Tom Guldhav

---

Aslaug Husa